



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Ungdomsrådet		

Årsmelding 2024

Vedlegg

Dokument i saka

<https://apppublishframsikt-staging.azurewebsites.net/2024/vinje/7105bda6-5f21-4c88-9dbd-4754112bb324/mr-202412-arsmelding#/home>

Bakgrunn

Årsmeldinga skal fortelje kva som har skjedd i kommunen det siste året, og gjev saman med årsrekneskapen eit bilete på den økonomiske stoda i kommunen. Årsmeldinga er i hovudsak utarbeidd for kommunestyret og den kommunale organisasjonen på ulike nivå.

Vurdering

Kommunens økonomi har vore god lenge, og hovudårsaka er sjølvstekt kraftinntektene som har vakse stort dei siste tre åra. Utgiftene veks også mykje, og dei neste åra ventar store oppgåver, særleg med tanke på at me blir stadig fleire eldre som vil få behov for tenester frå kommunen.

Innom fleire område opplever kommunen no store rekrutteringsvanskar, som fører til at me har nytta vikarar frå vikarbyrå mykje meir enn tidlegare år. Med omsyn til brukarar, arbeidsmiljø, kvaliteten på tenestene og at dette er ein meir kostnadskrevjande måte å drive på, er dette ei ugunstig utvikling.

Flyktningstraumen frå Ukraina medførte at kommunen tok imot 40 nye flyktningar i 2024. Det blir arbeidd godt med å finne bustader til alle, samt vidareutvikle integreringstenesta, vaksenopplæringa og andre aktuelle kommunale tilbod.

Sjukefråværet for 2024 er framleis høgt, men viser ein nedgang samanlikna med dei siste åra. Samla sjukefråvær i 2024 er 7,6 %. Før pandemien braut ut, var talet på 6,3 %. Det er ikkje berre i Vinje ein ser slike tal, ettersom heile landet ser same utvikling.

Årsrekneskapen for 2024 viser eit netto driftsresultat på omlag kr 19,8 mill. Inntektene har auka med om lag kr 10 mill. (auka inntekter knytt til rammetilskot og skatteinntekter, medan kraftinntektene har gått noko ned), medan kostnadene også har auka med om lag kr 10 mill. (grunna auka lønsutgifter knytt til lønsoppgjer).

Kommunen er dela opp i 7 tenesteområde. Desse tenesteområda får kvart år ei ramme for kor mykje pengar dei kan bruke. Nokre tenesteområde har bruka meir enn ramma dei fekk i 2024, medan nokre tenesteområde har bruka mindre pengar enn ramma dei fekk.

Kommunen har investera for kr 89 mill. i 2024. Av dei største prosjekta det er bruka pengar på kan ein nemne:

- Rauland omsorgssenter
- Bru Sagvegen
- Kjøp av bustader
- Åmot skule småskulen
- Tomannsbustad Juvbakk

Elles syner kommunedirektøren til årsmeldinga som ein finn ved å fylgje lenka nemnt øvst under «Dokument i saka».

Kommunedirektør sitt framlegg til vedtak

Årsmelding for 2024 vert godkjent.